



Desse var med på overnattingsturen: Frå venstre bak Joakim Dagestad, Sondre Kjærland, Karsten Haugland, Solveig Haugland, Ingvill Myklebust, Martin Røssland Yri, Emil Bakke Berntsen, Frida Nybakk og Tor Andre Røstbø. Foran frå venstre Katrine Saghaug, Malin Eik, Endre Skjelnes, Markus Dagestad, Robert Stensletten, Aleksander Walentinsen, Sondre S. Myklebust og Karen Pedersen Brede. Bakerst lærar Aslaug Hjelmeland. (Foto: Ragnvald Myklebust)

### 17 spreke tredjeklassingar har vore på ein flott overnattingstur til Mannsvatnet frå fredag til laurdag.

Etter den lange turen opp Halsane og via Storhaug (der det var overraskande servering) fredag vart det fisking og grilling i den fine og varme seinsommarkvelden. Ungane koste seg og leika heile kvelden.



Fisketuren på Mannsvatnet var eit høgdepunkt. (Foto: Ragnvald Myklebust)

Vi hadde sett opp tre telt og dei som ikkje fekk plass i desse overnatta i hytta. Vi var 30 tilsaman.

Laurdagen starta med litt regn og vind men det sette ingen stoppar for ungene. Vi hadde ute seks garn og utbyttet vart 75 fiskar.

I denne klassen er vi så heldige å ha ein så kjekk og flink lærar som Aslaug Hjelmeland. Ho stilte opp og var med oss på denne overnattingsturen og gjorde den til ei stor oppleving for både store og små..

Om kvelden hadde vi og besøk av rektor Vidar Haugland. Det er positivt at han tar seg tid til å besøke elevane sine.

Både elevar og foreldre fortener stor takk for at dei gjorde turen til ei så fin oppleving for oss alle.

Og så er vi heldige her i Uskedalen som har ei så fin hytte som Fjelly, som både uskedelinger og andre har så mange gode minner frå.

Av Ragnvald Myklebust



Grilling i den fine seinsommarkvelden . (Foto: Ragnvald Myklebust)